

Behandling i Samferdselsutvalet - 05.09.2018

Kristin Sørheim (SP) fremma på vegner av utvalet følgjande fellesforslag:

«Alternativ til pkt. 1:

Samferdselsutvalet viser til vedtak i Handlingsprogram samferdsel 2018:

"Møre og Romsdal fylkeskommune skal arbeide for ei utviding av perioden ein kan krevje inn bompengar ved ferjeavløsningsprosjekt, slik at perioden kan fylgje perioden for ferjeavløsningsmidlar på inntil 40 år.»

Og vedtak i T-sak 27/18 Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2019-2022:

«Fylkestinget viser til notat frå Samspleis datert 24. mai 2018 og ber om at det blir lagt fram ei sak om forslag til endring av rammevilkår for bygging og finansiering av nye fylkesvegprosjekt for å frigjere midlar til vedlikehald og forvaltning av eksisterande vegnett. Formålet er å fremme relevante forslag for nasjonale styresmakter i tilknytning til arbeidet med regionreforma.» I dette notatet er 40 års bompengerperiode for ferjeavløsningsprosjekt eitt av dei aktuelle forslaga. Samferdselsutvalet føreset at dette vert følgt opp også når det gjeld Todalsfjordprosjektet.

Pkt. 2 som innstillinga

Nytt pkt. 3: Samferdselsutvalet ber om at det blir arbeidd vidare med finansieringsløyser for Todalsfjordprosjektet, også med alternativ organisering av utbygginga gjennom eit eige selskap som kan få samme rammevilkår som fylkeskommunen (jf. T-sak 27/18).

Votering:

Det blei votert alternativt over tilrådinga frå fylkesrådmannen punkt 1 og fellesforslaget frå utvalet. Fellesforslaget punkt 1 blei samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen punkt 2 blei samrøystes vedteke.

Det blei votert alternativt over tilrådinga frå fylkesrådmannen punkt 3 og fellesforslaget frå utvalet. Fellesforslaget til nytt punkt 3 blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 05.09.2018

1. Samferdselsutvalet viser til vedtak i Handlingsprogram samferdsel 2018:

"Møre og Romsdal fylkeskommune skal arbeide for ei utviding av perioden ein kan krevje inn bompengar ved ferjeavløsningsprosjekt, slik at perioden kan fylgje perioden for ferjeavløsningsmidlar på inntil 40 år.»

Og vedtak i T-sak 27/18 Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2019-2022:

«Fylkestinget viser til notat frå Samspleis datert 24. mai 2018 og ber om at det blir lagt fram ei sak om forslag til endring av rammevilkår for bygging og finansiering av nye fylkesvegprosjekt for å frigjere midlar til vedlikehald og forvaltning av eksisterande vegnett. Formålet er å fremme relevante forslag for nasjonale styresmakter i tilknytning til arbeidet med regionreforma.» I dette notatet er 40 års bompengerperiode for ferjeavløsningsprosjekt eitt av dei aktuelle forslaga. Samferdselsutvalet føreset at dette vert følgt opp også når det gjeld Todalsfjordprosjektet.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune vil finansiere tredjeparten av kostnaden for kommunedelarbeidet med inntil 3,3 mill. kroner (2 mill. kroner er allereie vedtatt).

3. Samferdselsutvalet ber om at det blir arbeidd vidare med finansieringsløyser for Todalsfjordprosjektet, også med alternativ organisering av utbygginga gjennom

eit eige selskap som kan få samme rammevilkår som fylkeskommunen (jf. T-sak 27/18).